

Vellukka lamming på Haugland

14.04.2010



- Kom og få noko godt! Å lokka til seg sauene midt på dagen er ikkje så lett, innrømmer Johannes Haugland (11). (Foto: Ola Matti Mathisen)

Lamminga har kome langt og ein av sauebøndene i bygda som er svært godt fornøgd er Lars Haugland.

Han, som satsar på cheviot-sau, har førebels fått 24 lam av 12 søyer.

Eit snitt på to lam på kvar søye er bra, held Haugland fram.



To små på grønn eng - finst det noko vakrere? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Medan nokre av søyene har fått berre 1 lam, har andre fått både 3 og 4. Lars har hatt 18 vinterfora søyer og han ventar på at dei siste 6 skal få lam.

Lars er rimelegvis spent framfor beitesesongen, ikkje minst på grunn av flåttplaga. Han slepp sauene sine i Uskedalen der det er tett vegetasjon og mykje flått. Andre som til dømes slepp sauene sine i Blådalen eller på Hardangervidda er ikkje så plaga.

Lars har vore oppe i eit tap på så mykje som 20 prosent på grunn av det vesle, men farlege insektet. Ettersom han har så få dyr, vil det ikkje vera rekningsssvarande å frakta dyra langt til fjells.

- Men det gjekk betre i fjor?

- Først prøvde vi eit middel som flåtten vart resistent mot, men i fjor rådde veterinæren til å freista eit anna middel. Vi mista berre to lam sist sommar, men om det skuldast flåtten eller noko anna veit vi ikkje. Vi får vona at det er det nye middelet som har vore effektivt.

Av Ola Matti Mathisen